

Radøy kommune

Fv407 – Fv406 Storheimstø – Vetås

FRAMLEGG TIL REGULERINGSFØRESEGNER

i følge plan- og bygningslova (pbl) § 26

§ 1 GENERELT

1.1 Føremålet med planen er å legge til rette for utbetring av eksisterande veg frå kryss Rv565 til industriområde på Vetås. Planen omfattar del av Fv407 og Fv406.

1.2 Planavgrensing er vist på plankart i målestokk 1:1000 dagsett 08.06.2009. Området er regulert til følgjande formål:

LANDBRUKSOMRÅDE, § 25, 1.ledd nr. 2

- Område for jord og skogbruk

OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE, § 25, 1. ledd nr. 3

- Køyreveg
- Gang- og sykkelveg
- Fortau/gangveg
- Offentleg parkeringsplass
- Annan veggrunn

FAREOMRÅDE, §25, 1. Ledd nr. 5

- Høgspenningsanlegg/Kraftline

SPECIALOMRÅDE, § 25, 1. ledd nr. 6

- Frisiktzone ved veg

FELLESOMRÅDE, § 25, 1. ledd nr. 7

- Felles avkøyrslø/køyreveg

KOMBINERTE FØREMÅL, §25, 2. ledd

- Midlertidig trafikkområde

§ 2 FELLESFØRESEGNER

2.1 Kommunen kan, når særlege grunnar talar for det, tillate mindre vesentlege endringar i reguleringsplanen og/eller desse reguleringsføresegnene.

2.2 Byggjegranser fastsett i Veglova gjeld der anna ikkje er fastlagt i annan reguleringsplan.

2.3 Landbruksavkøyrslø er tillate. Det skal elles ikkje opparbeidast andre avkøyrslø til offentleg veg enn dei som er viste i plankarta. Avkøyrslø skal opparbeidast og haldast vedlike i samsvar med gjeldande normalar og føresegner til Veglova.

2.4 Det kan vere uregistrerte fornminne i området. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

2.4 Før utbygging skal det gjerast greie for handtering av jordressursane. Jord frå jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) som vert utbygd skal sikrast vidare bruk til jordbruksføre mål. Eventuell nydyrking må avklarast i samsvar med "Forskrift om nydyrking". Noverande vegetasjon skal takast vare på i størst mogeleg grad.

2.5 Terrenginngrep i samband med gjennomføring av vegtiltaket skal gjennomførast med minst mogleg skade på sideareal. Steingardar, utløer/torvhus, større tre og annan verdfull vegetasjon som ligg langs linja og ikkje vert direkte råka av tiltaket, skal takast vare på og vernast mot skade i anleggsperioden. Ved inngrep i private hagar skal eksisterande murar, gjerder, hekkar og plantar erstattast med tilsvarande i samråd med grunneigar.

2.6 Støy som følgje av anleggsverksemd i byggjeperioden skal avgrensast i samsvar med gjeldande retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging.

§ 3 REKKJEFØLGJEKRAV (pbl § 26)

3.1 Kommunedelplan for Radøy sør skal vere godkjent før det kan gjerast tiltak jf Pbl. § 93 i planområdet.

3.2 Før løyve til tiltak kan gjevast, skal underteikna utbyggingsavtale ligge føre.

3.2 Før løyve til tiltak kan gjevast, skal det ligge føre geologiske undersøkingar med analyse av risiko og sårbarheit, og eventuell plan for sikringstiltak. Etter at sprenging er gjennomført skal høge skjeringar vurderast på nytt, og eventuelle sikringstiltak skal vere fullførte før nye område kan takast i bruk.

3.3 Opprusting av veg mellom Haukeland nordre og Haukeland søre og nytt kryss mellom Fv407 og Fv406 må vere ferdigstilt med gang- og sykkelveg før eksisterande veg Fv407 til Nordre Haukeland (Storheimsbakken) kan stengast for køyrande.

3.4 Fortau, gang- og sykkelveg, avkøyringar, parkeringsplass, busstopp, terrenghandsaming, og andre tiltak som vist på reguleringsplankartet skal gjerast ferdig samstundes som resten av veganlegget. Naudsynt gjerding for husdyr og drenering skal og gjerast ferdig samstundes med veganlegget.

§ 4 LANDBRUKSOMRÅDE (pbl § 25, 1. ledd nr. 2)

4.1 Område for jord- og skogbruk

Gjeld vegfyllingar som kan tilbakeførast til landbruksområde/beite etter anleggsperioden. I områda kan det ikkje gjerast tiltak som er i strid med veg og fylling sin stabilitet og/eller funksjon, eller set denne i fare.

§ 5 OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE (pbl § 25, 1. ledd nr. 3)

5.1 Køyreveg

Arealet er sett av til offentlig køyreveg og inkluderer køyrebane, skulder og eventuelt rekkverk. Køyreveg skal oppretthaldast i samsvar med bredde og kurvatur vist på plankartet. Det kan gjerast mindre avvik frå dette i samråd med kommunen. Koter påført plankart er rettleiande.

5.2 Gang- og sykkelveg, fortau, gangveg

5.2.1 Fortau langs Rv565, Fv407, og Fv406 er avsett til offentlig gangveg/fortau inklusive skulder og eventuelt rekkverk. Fortau skal byggjast med gjennomgåande kantstein og nedseinking for avkøyrslø. Regulert breidde varierer mellom 3,0m og 1,75m.

5.2.2 GV3 er gangvegsamband mellom ny og avlasta Fv407 Storheimsbakken.

5.2.3 GV2 er gang- og sykkelveg på avlasta del av Fv407, Storheimsbakken. Køyring til tilgrensande eigedomar er tillate.

5.2.4 GV1 er gang og sykkelveg langs Rv565. Køyring til tilgrensande eigedomar er tillate.

5.3 Annan veggrunn

5.3.1 Arealet er sett av til grøfter, skjeringar og fyllingar i samband med veg og fortau.

Skjeringar i lausmassar og sprengsteinsfyllingar skal ha skråning maks 1:2, dekkast med finare massar og verte tilsådd. Låge vegskråningar mot jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) skal ha helling maks 1:4, dekkast med eigna jordmassar og verte tilsådd.

5.3.2 Ved fyllingar høgare enn 5 m og skråning lik 1:2 skal det settast opp vegrekkverk i samsvar med gjeldande vegnormalar. Ved skjering høgare enn 2m skal det settast opp sikringsgjerde/flettverksgjerde i samråd med grunneigar. Gjerde for beitedyr kan settast opp i samsvar med reglane i Veglova.

5.3.3 Der vegen kryssar elvar og bekkar skal det byggast kulvertar der vasslevande dyr og fisk kan vandra fritt. Desse skal dimensjonerast slik at vassgjennomstrøyminga er sikra.

5.4 Offentleg parkering

Gjeld parkeringsplass ved Fv407 på Storheimstø. Parkeringsplass skal vere open for allmenn bruk til ei kvar tid.

§ 6 FAREOMRÅDE (pbl § 25, 1. ledd nr. 5)

6.1 Høgspenningsanlegg/kraftline

Gjeld kraftliner som kryssar veg. Området er vist med skravur.

§ 7 SPESIALOMRÅDE (pbl § 25, 1. ledd nr. 6)

7.1 Frisiktsone ved veg

I området mellom frisiktlinje og veg skal det til ei kvar tid vere fri sikt i høgde 0,5 m over tilstøytande vegar sitt plan.

§ 8 FELLESOMRÅDE (pbl § 25, 1. ledd nr. 7)

8.1 Felles avkøyrsløse

Gjeld avkøyrsløse frå offentleg veg som er felles for ein eller fleire eigedomar og dei som har vegrettar til desse.

8.2 Felles køyreveg

Felles veg med avkøyrsløse frå ny bussløyfe ved Fv406 er felles for eigedomane som soknar til denne, samt eigedomar på Fjellsende i Lindås kommune som har sin tilkomst frå denne vegen. Regulert breidde er 4 m inkludert skulder og til botn grøft.

§9 KOMBINERTE FØREMÅL (pbl § 25 2. ledd)

9.1 Midlertidig trafikkområde

Gjeld vegfyllingar som kan tilbakeførast til landbruksområde/beite etter anleggsperioden. Trafikkområde fell vekk når veganlegget er ferdigstilt og areala påført jordmassar og tilsådd.